



RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 12.12.2019

Klokka 12.00 – 17.00

Stad: Eidfjord kommunehus, kommunestyresalen

Møteplanen for Hardangerrådet godkjent 13.09.2018 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

12.00 – 17.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

- HR-sak 47/19 Saker innmeldte ved starten av møtet.
Vert tatt opp under sak 52/19.
- HR-sak 48/19 Meldingar
- HR-sak 49/19 Uttale vedr. Kraftskatteutvalgets rapport.
Orientering ved styreleiar i LVK Torfinn Opheim
Drøfting med Torfinn Opheim og Terje Breivik.
- HR-sak 50/19 Strategiplan for vidare regionalt samarbeid.
- HR-sak 51/19 Hardingtinget 2020 - Program
- HR-sak 52/19 Orientering- og drøftingssaker.
- HR-sak 53/19 Val av rådsordførar og rådsvaraordførar for perioden 2020-2021

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 6. desember 2019

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 12.12.2019	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 48/19 Meldingar

Melding 1 Signert avtale Hardangerrådet - Skyss

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande



Avtale

Avtalen gjeld:

MEDFINANSIERING FOR KONTRAKT
«Snøggbåt Skyss - Turistrute Hardanger – SKYSS 19/02»

Kontrakt mellom:



Skyss

Hardangerrådet

For Skyss:

5/12-2019

For Hardangerrådet:

 Direktør Skyss	 HARDANGERRÅDET IKS Dagleg leiar
---	---

Det er skriven ut 2-to eksemplar av denne kontrakten. Skyss og Hardangerrådet har kvar motteke 1-eitt eksemplar.

1 GENERELT

Denne gjeld avtalen Hardangerrådet sin andel av utgiftene til kjøp av Turistrute Hardanger.

2 BAKGRUNN OG FORMÅLET MED KONTRAKTEN

Hardangerrådet har forplikta seg til å bidra til finansiering av Turistruta i Hardanger. Finansieringa frå Hardangerrådet skal nyttast til produktutviklingsdelen av skysstilbodet.

Denne avtalen regulerer Hardangerrådet sine betalingsforpliktingar overfor Fylkeskommunen.

3 AVTALEN GJELD I TIDSROMMET

Denne avtala gjeld i så lenge kontrakt - Turistrute Hardanger - SKYSS 19/02, gjeld.

Det fyljer av Kontrakten pkt. 3 at denne gjeld frå oppstart 1. juli 2019 til og med 31. oktober 2024. Oppdragsgjevar har etter dette opsjon på å forlengje kontrakten med ytterlegare 1+1 år.

Første kontraktår skal drift vere frå 1. mai 2020 og i 4-fire månader til 30.09.2020.

Frå 2021, inkludert opsjonsåra, skal Operatør drifte sambandet i 6-seks månader i perioden 01.04 – 31.10.

4 AVTALT ÅRLEG TILSKOTT FRÅ HARDANGERRÅDET

Avtala årleg tilskott til drift av turistruta er kr 500 000.

5 BETALINGSVILKÅR

Hardangerrådet sitt årlege tilskott vert fakturert i juli kvart år, første gong pr. juli 2020.

Det skal ikkje bereknast noko form for gebyr eller tillegg. Eventuell forseinkingsrente vert berekna i samsvar med lov om forseinkingsrente.

Betalingsfrist vil vere 30 dagar.

6 TILGONG TIL KAIAR


Det er lagt inn som føresetnad i kontrakt Turistrute Hardanger at kaiar, samt vente- og toalettfasilitetar som inngår i oppdraget vert stilt til fri disposisjon for operatøren. Hardangerrådet forpliktar seg til å bidra til at dette kan gjennomførast.

7 PARTANE SINE KONTAKTPERSONAR

Førespurnader som har med denne avtalen å gjere, skal sendas til følgjande:

Kontaktperson Skyss: Bjørn Erik Linde
Adresse: Postboks 7900, 5020 Bergen
Telefon: 55 23 95 50
E-post: bel@skyss.no
Organisasjonsnummer: 992 051 825 mva.

Kontaktperson Hardangerrådet: Jostein Eitrheim
Adresse: Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Telefon: 53 67 14 50
E-post: post@hardangerraadet.no
Organisasjonsnummer: 980 045 412



Møtedato 12.12.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 49/19 Uttale vedr. Kraftskatteutvalgets rapport.

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

Styreleiar i LVK, Torfinn Opheim vil koma til rådsmøtet og orientera om saka.

Saksvurdering:

Framlegg til uttale vert lagt fram i møtet.

Framlegg til vedtak:

Framlagt uttale vert vedteken som Hardangerrådet sin fellesuttale vedr. Kraftskatteutvalet sin rapport.



Møtedato 12.12.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 50/19 Strategiplan for vidare regionalt samarbeid.

Saksvedlegg:

Vedlegg: Referat frå arbeidsmøte 19.11.2019

Saksutgreiing:

Interimstyret for arbeidet med utarbeiding av nytt strategidokument for regionalt samarbeid i Hardanger og Voss hadde sitt første arbeidsmøte 19.11.2019.

Rådsordførar vil i rådsmøtet 12.12. orientera om konklusjonane i dette møtet.

Saksvurdering:

Det var i møtet semje om å invitera både Sogn regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland til felles dialogmøte for å informera kvarande om kva tankar ein har for drift og utvikling av regionråda i det nye Vestland fylke.

Rådet vert oppmoda til å drøfta tidspunkt og plan for eit slikt møte.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt framlegg utan framlegg til vedtak.

Referat frå arbeidsmøte 19. november på Solstrand Hotel & Bad.

Møtetidspunkt: 10.00 - 11.15

Tilstades: Hans Petter Thorbjørnsen, Torgeir Næss, Roald Aga Haug, Anders Vattle, Hans Erik Ringkjøb, Jostein Eitrheim

1. Prioriterte oppgaver for regionalt samarbeid frå 2020.

Det er semje om at eit framtidig regionråd skal ha fokus på tema som er felles for kommunane i Hardangerregionen, men også på tema som er felles for Hardanger og regionane rundt oss.

Døme på prioriterte tema er:

- Næringsutvikling
 - Reiseliv
 - Industri
 - Landbruk
 - Havbruk
- Utdanning
 - VGS
 - Høgskuleutdanning
- Politisk påverknad
 - Regional utvikling
 - Infrastruktur
 - Kraft
- Kultur

Nytt strategidokument må innehalda ei detaljert liste over prioriterte oppgaver for eit framtidig regionråd.

2. Avgrensingar av regionråd.

Kva kommunar/regionråd kan Hardanger/Voss samarbeida med?

Viktige spørsmål som vart reiste i møtet:

- Skal Hardangerrådet samarbeida med eit anna regionråd, eller skal vi sjå mot eit nytt og større regionråd?
- Ønskjer kommunane at ein i denne situasjonen vurderer eit nytt og større regionråd, t.d. saman med kommunar i Sogn og/eller Sunnhordland?
- Kva avgrensing av regionråd er førstevalet for Hardangerkommunane?

Det var semje om å ta kontakt med Sogn regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland og invitere desse til eit dialogmøte for å drøfta korleis desse regionråda vurderer moglege endringar i avgrensingar for regionråd.

Hardangerrådet tek initiativ til eit fellesmøte med desse regionråda.

3. Organisasjonsform for nytt regionråd?

Kva organisasjonsform ein skal velja for eit nytt regionråd vil avhengja av kva oppgåver rådet skal drifta. Det vil difor vera naturleg å koma tilbake til dette spørsmålet når oppgåver og prioriteringar er fastlagde.

Dersom eit nytt regionråd skal prioritera politisk påverknad vil selskapsforma "Interkommunalt politisk råd" vera eit mogleg alternativ.

Avgjerda om å invitera "naboregionråda" til dialog er ein endring av prosessen samanlikna med forrige runde med utforming av ny selskapsavtale og strategiplan. Dette medfører at det for rådsmedlemmene vil vera naturleg å forankra prosessen i eige formannskap eller herads-/kommunestyre

4. Møteplan /framdriftsplan for arbeidet

Det vart avtala slik møteplan 1. halvår 2020 for det vidare arbeidet:

23. januar i samband med møte i Hardangerrådet

13. februar i samband med Hardingtinget

19. mars i samband med møte i Hardangerrådet

30. april i samband med møte i Hardangerrådet

Jostein Eitrheim

Referent



Møtedato 12.12.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 51/19 Hardingtinget 2020 - Program

Saksvedlegg: Referat frå seminar: [Turistar, lokalsamfunn og næring-handterar me veksten?](#)

Sakstilfang: Besøksforvaltning NFK - Undervegsrapport 17.juni 2019

Saksutgreiing:

Hardingtinget 2020 skal gjennomførast 13. februar 2020. Gjennomføringa av Hardingtinget er forankra i selskapsavtalen:

§9 Hardingting

Hardingtinget er eit samarbeidsorgan i regionrådet i Hardanger og er samansett av formannskapa i eigarkommunane. Hardingtinget skal haldast minst ein gong i året. Rådsordførar er leiar i Hardingtinget med rådsvaraordførar som nestleiar.

For Hardingtinget 2020 vil administrasjonen føreslå slikt tema der Team Hardanger og Visit Hardangerfjord i felleskap har ansvaret for program og gjennomføring:

Korleis betra besøksforvaltninga i Hardanger:

1. Innleiande føredrag
2. Drøfting omkring:
 - Besøksforvaltning inn i kommunale planar
 - Kommunane og næringsaktørane sine roller i utviklinga av reiselivet
 - Kva kan politikarane styra og kva kan dei ikkje styra
 - Gjer kompleksiteten oss handlingslamma?
 - Det som er godt for lokale innbyggjarar er bra for gjestene
 - Fellesgodefinansiering / besøksbidrag / destinasjonsbidrag

Dagleg leiar vil i rådsmøtet gje ei nærare orientering rundt dei ovanfor nemnde punkta.

Saksvurdering:

Framlegg til vedtak:

Hardingtinget 2020 skal ha besøksforvaltning og besøksstrategi som hovudtema.

DAG 3 Besøksforvaltning torsdag 31.10.19

Her er Føredraga på dette seminaret:

- Besøksforvaltning: [Hvilke løysning ser vi etter?](#)
- MIMIR: [Turister, lokalsamfunn og næring - håndterer vi veksten?](#)
- Innovasjon Norge: [Merket for bærekraftig reisemål gir noen svar -men ikke alle](#)

Innleiing 1 : ANN-JORID PEDERSEN, MIMIR

PROBLEMSTILLING er korleis ser me på virkeligheten nå?

- ho brukar eigen erfaring av å jobba med reisemålsutvikling. Men har ingen svar no. Me må tenkja saman for å finna ut kva som skjer med reiselivet.

Korleis handterer me vekst:? innspel til debatt.

Veksten kjem uansett, og den vil koma til dei stadane som allerede er godt besøkte. Vekst har ein tendens å leggja seg oppå allerede eksisterande.

Så korleis riggar me for at der det er underturisme også får gjester?

Vekst bør ikkje lenger vera eit mål i seg sjølv.

Er vi godt nok rigga for framtidens reiseliv? Det nye reiselivet er ikkje klekka endå.

Reiselivet har endra seg, og det opplevelsesreise baserte fungerer veldig bra.

Dette budskapet må vi spre: Reiselivet står for veldig mange arbeidsplassar.

Markedet endrar seg: fleire vil ha lokale relasjonar og er autentisk og etisk bevisste.

Korleis når me dei gjestene som bygger gode lokalsamfunn og bidrar til verdiskaping?

IMENS veks frustrasjonen veldig nokre stader. Nokon stader ber lokale turistane om ikkje å koma! Her trengs det **DESTINASJONSLEDELSE.**

Men kor sviktar det ?

- BALANSEN: me slit mellom over- og underturisme/ og overgangen går veldig fort.
- FINANSIERINGSMODELL: evig diskusjon om fellesgoder og kven skal betala
- INNOVASJONSSYSTEM: me arbeider for lite saman. Forskningsmidlar fungerer ikkje, og er ikkje tilpassa reiselivet. Reiselivet er heller ikkje integrert i regionale innovasjonspengar.
- ORGANISASJONSMODELLANE: det er sprekk i laget både frå myndigheiter og aktørane. Bakdøra er åpen. Samarbeid mellom aktørar og reisemål er ikkje juridisk forpliktande.
- SAMSPEL: Reiselivet er ikkje gode på politikk, og motsatt. Kor mange har politikarar som kan masse om reiseliv? Dette er eit generelt problem.
- LOVGJEVINGA i Norge er ikkje tilpassa reiseliv, reisemål i dag: plan, allemannsrett
- FORVALTNINGSAPPARATET: Norsk reiseliv manglar eit forvaltningsapparat.

Dette er innspill til denne dialogen.

Reiselivet har ikkje pisk, ikkje gulrot eller mandat:

HAR VI EN SYSTEMSVIKT I NORSK REISELIV?

Reiseliv er ein nettverksøkonomi, sårbar for systemsvikt. Denne systemsvikten er større enn overturisme.

Me starta med berekraft, men gløymde samfunnsperspektivet.

Lokalsamfunnet er hjerta i reiseliv.

Destinasjonsleiing må vera på destinasjons samfunnsnivå.

Strukturell omstilling: Det var ikkje olje og fisk som bygde Norge, men strukturen rundt : lover , reglar og forpliktelsar.

Våre neste store reiselivsutfordringar:

- ★ Me må tenkja utanfor boksen.
- ★ Me må sjå på oss sjølve som lokalsamfunnsbyggjarar
- ★ Forvaltning må med
- ★ Ansvar må alle ta
- ★ Finansiering må definerast og settast i system
- ★ Samkjøra strategiar
- ★ Etablera og utvida destinasjonsleiing
- ★ Me må ta vare på lokalsamfunnet, reiselivet og folk OG dette må me løysa saman.

Vi må finna framtidens løysingar i fellesskap!!

Samtale med aktørar: Kjenner dere dere igjen?

1. Lokal aktør frå Reine -

“Det manglar samspel. Det såg me når me starta. Me var imot etablering av cruiseturisme på Reine. Å henvenda seg til kommunen med manglande reiselivsstrategi - me fekk ikkje svar, men så plutselig har kommunen sagt ja til cruise?”

Kva vil det ha å sei for dere? Me er ikkje førebudde og det passer ikkje inn. Ikkje har me veiar. Det vil også ha stor innvirkning på våre produkt.

Reine er indrefiletten, som allerede er veldig sterkt besøkt - og SÅ skal det koma enorme antall gjester meir.

Er politikarar klar over og bevisste på dette? Korleis skal me ta imot alle.

Moskenes er også ein kommune, som treng pengar og må finna pengar (Robek)

Korleis er lokalsamfunnet blitt involvert i denne prosessen? 6 kvinner bestemte seg berre for å arrangera ein cruisedebatt. Men me føler at det ikkje blir teke hensyn til. Folk ønska å få vita meir. Dette var starten på cruisedebatten i Norge.... Lokalbefolkningen er desperate for at noko skal skje.”

2. Lena Hamnes, varaordfører frå AP i Vågan kommune -

“Oppgave vår er å påvirke lovgjevarane. Me som politikarane må ta grep, kan ikkje overlata alt til destinasjonskontoret gjer dette. Me må ha ein masterplan

Denne mandag hadde dei ein eigen pitch med heile kommunestyret, med formål å læra politikarane og gje alle kunnskap om reiseliv i eigen kommune. Dette inkluderar prosjekt som Besøksforvaltning; Berekraftsprosjektet; Jakten på Lofoten og Destinasjon Lofoten

F. eks så har Destinasjon Lofoten gått i seg sjølv, og skal bestemma kva dei skal bli.

Men kommunepolitikerne må ha minimumskunnskap om reiseliv, og har bestemt at dei vil ha samarbeid og eigen folkevaldopplæring med KS og folkevaldopplæring saman med besøksforvaltning.

Det aller viktigaste er samarbeid, i kommunane, og aller helst i heile Lofotregionen. Mens me ventar må me gjera noko lokalt, så no jobbar me i neste kommunestyre med å laga eit formelt arbeidsutvalg med representantar frå reiseliv, administrasjon, beredskap og politikarar.

Når denne arbeidsgruppa kjem i funksjon, då må me sjå på andre fellesgoder reint praktisk. Men me må også tøffe oss opp! Kor lenge skal me akseptera at me-reiselivet ikkje er representert på nasjonalt nivå. Lokalt konkret idag: forvaltning, lovgjeving og ordentlig finansiering. “

Ann Heidi Hansen og Hanne Lykkja: **Kva løysingar ser me etter ?**

Denne diskusjonen må me ta, og det gjeld ikkje berre i Norge. Må koma på dagsorden: Kva turist ønsker vi i morgon?

Turisten er ein ressurs me skal bruka, og me må skapa balanse mellom turist og lokale innbyggjar.

Film: “Travell to tomorrow.com”

Gruppearbeid rundt borda

Stikkord frå vårt bord:

- Behov: MÅ ha med lokalbefolkningen med på laget. Her er det ofte stor dissonans. Skal me vinna folket, må folket slippe til : **Er citizen assemblies løysing?** Det kan komplimentera systemet me har idag, og sikra at me får stilla nye spørsmål.
- Kva skal turisme levera? Kven skal jobba saman for å få dette til?
Bør reiseliv ligga under Kommunal-og moderiserings departementet (KMD)? Kva oppgåver er det reiselivet skal løysa?
KMD har mellom anna ansvar for regional-og distriktsutvikling, planverk, og lokalforvaltning,
- Mange er gode på utvikling: Kunne næringshagane driva med stadsutvikling? Er reiseliv næringsutvikling eller lokalsamfunnsutvikling? Det er begge deler.

Stikkord frå gruppene:

- Må få både nasjonale og lokale reiselivsstrategiar.
- Redefinera kva som er lokalt: Kva er det vi ønsker? Krev lokal kompetanse.
- Behov for å samkjøra lokalpolitikarar og næringa.
- Farevarsel når eigarskap forsvinn frå lokale hender.
- Utenfra aktørar utnyttar allemannsretten, det er ikkje greit. Her er heller ikkje eit system.
- Ikkje greit at ein i Bodø tar politiske valg som flyttar næringa sine skuleplasser til Bodø - det vil bli stort problem for Lofoten.
- Sikra at verdiskaping kjem dei lokale tilgode
- Korleis skal fellesgoder finansierast. Når frivillige gjer masse arbeid, og det ver “utnytta” og kommersialisert, då vil ikkje frivillige vera med lenger
- Treng nokon som sloss for næringa!
- Me må prøva å forstå kva folk/ungar seier. Viktig lokal informasjon frå lokal innbyggjarar.
- Dialog mellom politikarane og næringa.

- Ulik virkelighetsforståelse. Når me seier at det kjem for mange turistar, så er det det lokale reiselivet som får skylda, men er det rett mottakar? Kven har egentleg ansvaret?
- Nasjonalt treng me nokon som kan prata reiselivet si sak
- Lokalt må det gjerast noko i planverket.
- Besøksforvaltning har me plikt til å følge opp politisk.
- Lokale planar må også vera regionale- så når me lagar planar i ein kommune må me også tenka regionalt.
- Me trur det blir viktig å spørre seg om: Kva vil vi at turistane skal gjera for oss?
- Man tenker ikkje at valg me tar påverkar samfunnet utanfor eigen kommune, men det gjer det. Kva vil skje med Moskenes når det kjem veldig mange hotell?
- Må snu stedsutvikling til nettverk mellom kommunane og samarbeid må bli sterkere:
 - Modell på overordna nivå
 - Det er profesjonalisering på alle nivå, men ein manglar destinasjonsledelse - det må skje på tvers av struktur
 - Det er stort fokus på volum, men er det største problemet mangel på struktur.
 - Kan me laga eit lokalt talerør for lokale aktørar der dei kan sei kva deira utfordringar er, og saman sei det til politikarane.
 - Mål: ny friluftsforskrift
 - Lokal forvaltning er på etterskudd.
 - Lite kollektivtransport på bygda.
 - Få kompetanse om reiseliv inn i lokalpolitikk.
 - Mange aktørar slit økonomisk, svak lønnsomhet er ei utfordring for å bli berekraftig
 - Gratis “passasjerar” som kjem om sommaren og skummer fløten, dei legg ingenting igjen økonomisk og dei gjer lokale aktørar som bidrar svakare.
 - Manglande fellesgodefinansiering, for å ta tak i lokale behov.
 - Kven er reiselivet? Det er veldig fragmentert, og virkemiddelapparatet for reiselivet er også veldig fragmentert
 - Vi vil gjerne ha eit reiselivsdirektorat
 - Konstatering: Turisme er altfor viktig til å overlata til turismen i seg sjølv
 - Anbefaling: Prosjektet “Jakten på Lofoten” er veldig beskrivande!
 - Me må ha lokal aksept. Turismen er komen for å bli. Ta grep og utvikle nye format
 - Gje befolkning mulighet til å sei kva dei vil ha: **citizen assembly**
 - Retorisk spørsmål: Er det viktig å få eit direktorat? **Og skal de vera under næringsdepartementet eller under kommunaldepartementet?**
 - **Mykje i reiselivet er lokalutvikling og bør det styrkast?**

frå Ungdomsgruppa:

- Turistane kjem uansett. Kan me involvera turistane meir i frivillig arbeid?
- F. eks tromsøpalme rydding eller lignande
- Flytt fokus frå volum til kvalitet

Mulige løysingar del 2.

Kva løysingar ser me etter ? Ann Heidi og Hanne

Turisme må bidra til lokalsamfunnet.

Me har jo ikkje eit forvaltningsnivå å forhalda oss til. Korleis gjer me dette? Me treng meir kunnskap. Reiseliv er fragmentert og det er utfordrande.

Kva om vi fikk eit reiselivsdirektorat? de har myndighetsoppgaver og formidlar kunnskap om næringa.

Fiskeridirektoratet - kva om reiseliv var arrangert slik? det er interessant at me også er verdiskaparar, men vår næring skjer i lokalsamfunnet.

F.eks har Island akkurat fått ein reiselivsminister.

Tålegrenser er nøkkelord. Me må definera dette, og stilla dei rette spørsmåla:

Kvifor ønskjer me besøk av turistar??

1. Kva turistar vil me ha for ?
2. Kva er det me vil dela med våre turistar? Kva vil me visa dei?
3. Kor i vårt lokalsamfunn vil me ha dei, og når passar det i f.eks forhold til sårbarhet.
4. Kven er det me trives ilag med.? Kven vil me invitera til oss?
5. Korleis skal me få tak i dei me vil invitera til oss?

Overturisme er det få som har i Norge, men nokon har det. Men me som ikkje har det kan vera litt i forkant.

Spørsmål 1-4 dreier seg om lokalsamfunnsutvikling, og spørsmål 5 handlar om salg

Utvikling på lokalsamfunnets premisser.

Involvering (f.eks Kræsj kurs): Saman kan me diskutera og finna løysingar.

Korleis få ulike deler av reiselivet inn i kommunalt planverk?

Vega har brukt masse tid på dei 5 spørsmåla. Dei arbeider på lokalt plan for å utvikla Vega som reisemål. Sjekk her: [VEGA](#)

Lofotrådet seier at dei treng kommunal besøksforvaltning, og set igang.

Politisk engasjement: Kva betyr dette for oss? KS skal tilby folkeopplæringskurs med besøksforvaltning som tema.

Ansvarleg marknadsføring: (VEGA har arbeida mykje med det.)

Reiselivsnæringa må også vera del av løysinga. Kva kan me kommunisera FØR gjestene kjem?

Er ein del av løysinga er å få på plass ein robust destinasjonsledelse? viktig at det er relevant, og ikkje blir for stivbeint.

Besøksforvaltning = TA VARE PÅ KONKURRANSE KRAFTA I FRAMTIDA.

Overturisme vil i framtida slå negativt ut. Me må ta vare på natur- og kulturressursgrunnlaget vårt.

Innspel frå Britt Reinsli, Innovasjon Norge og leiar for merkeordninga Bærekraftig reisemål.

Merket for bærekraft reisemål gir noken svar - men ikkje alle:

- ansvar og roller
- samarbeid om styring
- overvåkning av utvikling.

Korleis kan du måla utvikling, du må iallefall vita utgangspunktet.

Korleis kan me spre trafikk utover? Korleis gjer me dette?

Med å vera med i merkeordningen får ein status for reisemålet i dag. Ein får oversikt og riggen gjer at bittesmå reisemål også kan gjera dette

Effekter:

- systematikk i tiltak
- alle gjer litt og mange gjer mykje, men no får ein det samla
- gjer reisemålet sterkare i dialog rundt dilemma
- styrker reiselivet sitt omdømme generelt
- det styrker destinasjonsledelsen veldig.

Ein ser at det brer seg ein skepsis til motstand mot turisme; kva vil f.eks det ha å sei for rekruttering?

Utfordringar

- finansiering av reisemål
- auka press på formidling og begrunnelse rundt bærekraft
- auka trykk på negative ting . Dette gjeld alle plassar. Prøv å få fokus på å bli bedre på det gode.
- det utfordrar kompetanse og mandat hos lokale myndigheter

Innovasjon Norge føl nøye med på det som skjer no med besøksforvaltning. Korleis kan dette nyttast inn i merkeordningen?

Professor seier: kobling mellom lokalsamfunnsutvikling og reisemålsutvikling heng tett saman.

Kobling til reisemålsutvikling - kva er nye verktøy:

- Innovasjon Norge vil gje eit meir heilheitleg tilbud.
- Innovasjon Norge må ha dreining mot utvikling, ikkje berre salg.
- Innovasjon Norge vil også måtta rapportera på andre ting.

Oppsummering:

Miljødirektoratet / nasjonale turister: staten treng hjelp til å kobla dei på

Kvifor er det så innmari få som tenker at reiselivet er ein god arbeidsplass..

REKRUTTERING:

Veldig glad for at Innovasjon Norge no skal ta grep for å gjera næringa attraktiv?

Kven skal levera på bunnlinja? Skal vi få til dette, så må vi ha **kompetanse!** og fokus på **vertskapsrollen**. Og utdanningsinstitusjonane må med på laget!

Lokal næringssjef: "me driv besøksforvaltning kvar dag heile tida. Me må bli sett istand til å gjera jobben også for reiselivet."

- Lokalsamfunn er der me må ha fokus
- Ansvarlighet og kommunikasjon
- Destinasjonsledelse må settast i system, lokalt, regionalt og nasjonalt, slik at reiselivet kan utvikla lokalsamfunnet
- **LOKALT SAMSPILL - forankring!** Kommunane er kontinuiteten.



Møtedato 12.12.2019	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 53/19 Val av rådsordførar og rådsvaraordførar for perioden 2020-2021

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

I samsvar med vedtektene skal rådsordførar og rådsvaraordførar veljast for 2 år om gongen. Regionrådet/Representantskapet er det vedtaksføre organet i Hardangerrådet med unntak av dei fullmakter som er delegerte til styret.

Iflg. vedtektene skal regionrådet sjølv velja leiar og nestleiar som i selskapsavtalen er omtala som rådsordførar og rådsvaraordførar.

Normal prosedyre i Hardangerrådet si 30-årige historie er at verva har gått på omgang mellom kommunane/herada. Rådsordføraren og rådsvaraordføraren har vanlegvis sete to år om gongen og så rullert, unntatt første 3 åra. Rådsvaraordføraren har vore tenkt som påtroppande Rådsordførar. Men det er ingenting i selskapsavtalen som styrer slik praksis og einaste kravet er at vala skal vera for 2 år om gongen. Siste åra har det vore slike rådsordførar:

1990-93	Leiv Vambheim Eidfjord
1994-95	Sigvard Berge Kvam
1996-97	Lars Haustveit Ullensvang
1998-99	Olav Seim, Granvin
2000-01	Toralv Mikkelsen, Odda
2002-03	John Skogseth, Jondal,
2004-05	Jon Heggseth, Ulvik
2006-07	Astrid Farestveit Selsvold, Kvam
2008-09	Solfrid Borge, Ullensvang
2010-11	Anved Johan Tveit, Eidfjord
2011-13	Ingebjørg Winjum, Granvin
2013-15	John Opdal, Odda
2015-17	Jon Larsgard, Jondal
2017-19	Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik

Etter denne turnusen så står Kvam herad for tur til å ha Rådsordføraren i 2020 - 2021, ved at Kvam herad har hatt Rådsvaraordførar dei 2 siste åra.

Om ein følgjer etablert praksis vil Ullensvang kommune stå for tur til å ha Rådsvaraordførar for perioden 2020-2021.

Som vanleg i valsaker er det ikkje framlegg til Vedtak.

Til Rådsordførar for 2020-2021 vert vald:

Til Rådsvaraordførar for 2020-2021 vert vald: